



INNTEIKNING av vêrdata på kart i England under andre verdenskrigen. Vêrdataa er rapportert inn frå bombefly på tokt i eit stort område rundt Storbritannia. Foto: Ukjent/Aktuell/NTB scanpix



VÊROBSERVASJON på Jan Mayen blei etablert i 1921. Dette er frå 1961 då Loran-C stasjonen var nyetablert. Biletet viser meteorologfullmektig John Hansen, som då overvintra for andre året på rad. Foto: Aage Storløkken/Aktuell/NTB scanpix /



D-DAGEN 6. JUNI 1944 blei ein alliert suksess takka vere den innsikta meteorologen hadde om korleis vêret kom til å bli. Den norske meteorologen Sverre Pettersen var svært delaktig i arbeidet med vêrprognosane. Foto: US National Archives /

Norsk vêrvars i 150 år



EIN KAN GJERE lite med vêret, men ein kan prøve å varsle korleis det blir. I år feirar Meteorologisk institutt 150-årsjubileum.

I dag kan vi finne ut korleis vêret blir mange dagar fram i tid. Norske meteorologar skal ha mykje av æra for det. I år er det 150 år sidan Noreg fekk sin første meteorolog.

Rett skal vere rett. Henrik Mohn vart i 1866 utnemnt til Noregs første professor i meteorologi. Tittelen meteorolog vart først brukt her til lands nesten 40 år seinare.

Mohn var likevel ein meteorolog i ordets rette forstand. Han dreiv med vêrstatistikk,

vêrvarsling og vêr- og klimaforskning.

Laurdag 1. desember 1866 starta han arbeidet sitt som den første styraren ved Det norske meteorologiske institutt (DNMI), etablert som ei avdeling ved Universitetet i Christiania.

Datoen vert rekna som fødselsdagen til det som i dag heiter Meteorologisk institutt.

Ei prestetru på vêrvarslinga

Historia om vêrobservasjonar i Noreg starta lenge før opprettinga av Det norske meteorologiske institutt. Presten og

naturforskeren Hans Strøm (1726–1797) og musikaren og altmoglegmannen Johan Daniel Berlin (1714–1787) blir rekna som to av pionerane i arbeidet med å føre meteorologiske observasjonar.

– Presten Hans Strøm hadde mange store tankar om meteorologien og vêrvarslinga. Han trudde at ein ein gong i framtida ville kunne varsle vêret med like stor sikkerheit som ein kunne fastslå banene til himmellekamane, og at ein dermed kunne rekne ut korleis vêret ville bli mange år fram i tid. Det var naturlegvis ein naivt optimistisk tanke.

Varsalet som ikkje nådde fram

Telegrafan spreidde seg utover Noreg frå 1855, og telefonnettet vart utbygd frå 1880-åra. Men det tok lang tid før alle stader hadde fått telegrafekspedisjon eller telefonstasjon.

For dei 142 fiskarane som omkom utanfor kysten av øya Frøya i Sør-Trøndelag 14. oktober 1899, kom telefonsambandet til Frøya éin månad for seint. Folk i Kristiansund, Trondheim og

mange andre nærliggjande stader hadde 13. oktober 1899 fått varsel om ein kommande storm.

– Frøya ligg ytst i havet på Trøndelagskysten. Ein var klar over at dei mange fiskarane som oppheldt seg der ute, ikkje visste om uvêret som var på veg. Derfor vart det sendt folk ut for å åtvare dei, men dei kom for seint. Fiskarane hadde dratt ut grytidleg om morgonen

– og mange kom aldri heim igjen. Mangelen på telefonsamband blir rekna som den fremste årsaka til at ulykka vart så omfattande, fortel John Smits, statsmeteorolog ved Meteorologisk institutt.

Mange av fiskarane som omkom, gjekk ut frå fiskeværet Titran, lengst vest på Frøya, og katastrofen vart i ettertid derfor kalla Titranulykka.

ling



leum.

Foto: Marit Hommedal

Naturfenomena som styrer været, er altfor kaotiske. Det er så mykje som påverkar vêrsituasjonen rundt om i verda at ekspertane i dag er einige om at det ikkje er mogleg å spå været for noko særleg meir enn ti dagar fram i tid. Meir enn ti dagar framover blir nemlig usikkerheitsmomenta for store, seier historikar Yngve Nilsen.

Nilsen har saman med historikaren Magnus Vollset skrivne den nye boka om Meteorologisk institutt i samband med 150-årsjubileet.

Krig og forlis

Krimkrigen på 1850-talet, der ein sterk storm førte til at mange allierte skip sokk i Svartehavet, var ei utløyssande årsak til at den første stormvarslingstenesta i verda vart oppretta i Frankrike i 1856.

Dei vitsskapelege føresetnadane var delvis til stades ved at ein kjente til mykje av det som gjer at vær oppstår og endrar seg. Og ein kunne dessutan måle temperatur, vindretning, vindstyrke, lufttrykk, råme og nedbør.

I tillegg var den elektriske telegrafan, som kom frå 1840-talet, ein revolusjon med tanke på å sende meldingar over lange avstandar. Vêrobservatørar, som melde frå om

vêrsituasjonen på ulike stader, vart engasjert i mange land frå midten av 1800-talet.

I åra rundt 1860 hadde Frankrike, Nederland og Storbritannia etablert storm- og vêrvarslingstenestene ved hjelp av observatørar og telegrafnett. Å unngå skipsforlis i uvêr var ein sentral grunn til at desse varslingstenestene vart oppretta.

Vêrutsette sjøfolk

Noreg var tidleg med då Det norske meteorologiske institutt vart etablert.

Noreg fekk si første telegraflinje i 1855, og allereie frå 1860 vart det gjort vêrobservasjonar ved fem telegrafstasjonar i landet: Kristiansund, Ålesund, Skudeneshavn, Mandal og Sandøysund (på Hvasser i Vestfold). Derfrå vart vêrobservasjonane sendt vidare til Christiania, medan Skudeneshavn hadde kontakt med Paris, fortel Yngve Nilsen.

Det finst eit stort og ukjent tal på historier om norske sjøfolk som har omkomme på havet. Det årlege lofotfisket – som har eksistert i meir enn 1.000 år – er blant anna kjent for ei rekke ulykker. Eitt eksempel er lofotstormen 11. februar 1849. Då forliste svært mange båtar, med eit stort tal på omkomne – truleg ein stad

mellom 200 og 500 fiskarar, ifølgje ulike anslag.

På den tida var det enno ikkje vitsskapeleg mogleg å varsle været, verken i Noreg eller i noko anna land.

Dei første varsla

– Ei av dei viktigaste årsakene til at den norske vêrvarslinga vart oppretta, var å unngå at fiskarar gjekk ut på havet når det var uvêr i anmarsj. På 1800-talet døyde fleire tusen fiskarar og andre sjøfolk i norske farvatn, og mange av ulykkene kunne ha vore unngått med god vêrvarsling, og dersom alle som hadde behov for det, fekk varsla i tide, seier Anton Eliassen, direktør ved Meteorologisk institutt.

I 1868 starta Mohn å utarbeide dei første norske vêrvarsla. Desse vart publisert i Morgenbladet.

Same år sørgde Mohn også for at Noregs tre første stormvarsel vart sendt ut. Det vart gjort under vintersildfisket og lofotfisket. Det hindra derimot ikkje forlis det året også. Berre på ein stormfull dag, nærare bestemt tysdag 31. mars 1868, omkom bortimot 100 fiskarar utanfor Lofoten.


Tekst: Bjørn Hugo Pettersen
npk.no



STATSMETEOROLOG John Smits på kontoret sitt i 1998. På biletet ser vi nokre av hans 51 forskjellige teoriar om korleis morgondagens vær skulle bli. Foto: Per Løchen



BERGENSSKULEN innan meteorologi i 1919. På venstre side sit Tor Bergeron, deretter Carl-Gustav Rossby, Svein Rosseland og Jacob Bjerknes (stående). På høgre flanke sit assistentane Gunvor Førstad, Sverre Gåsland og Johan Larsen. Foto: Ukjent/Universitetet i Bergen



METEOROLOG i arbeid på Meteorologisk institutt i Oslo i 1953. Foto: Leif Ørnelund/Oslo Museum

Meteorologar i aust, vest og nord:

- I dei første åra var vêrvarsla stort sett mynta på avislesarar i hovudstaden. Og det første regionale vêrvarselet, som kom i 1882, var for Austlandet. Det vart kalla «Vêrvarslar for Landmanden», og var daglege vêrvarsel i sommarmånadene, spesielt tilpassa gardbrukarar på Austlandet.
- Det meste av uvêret i Noreg kjem derimot vestfrå, over havet. Via telegrafan fekk vi ganske tidleg informasjon om vær og uvêr frå område som ligg vest for oss, som Storbritannia og Færøyane.
- I 1903 vart Niels Johan Føyn vart tilsett som leiar for det nyoppretta Meteorologisk Observatorium i Bergen. Arbeidet som vart gjort der førte til at stormvarsla vart langt betre. Føyn var den aller første i Noreg som fekk tittelen meteorolog.
- I Nord-Noreg starta den meteorologiske forskinga ved Halde-observatoriet i Finnmark i 1912. Halde, som ligg i cirka 900 meters høgde, var då også sentrum for den norske nordlysforskinga.
- Det vart etter kvart oppretta over 20 observasjonspostar i nord, blant anna på Bjørnøya i 1920, på Jan Mayen i 1921 og i Myggbukta på Grønland i 1922.
- Halde-observatoriet i Alta og Geofysisk institutt i Tromsø er forløparane til Vêrvarslinga for Nord-Noreg, som formelt vart etablert i 1922. Og likeins er Meteorologisk Observatorium i Bergen og Geofysisk institutt i Bergen forløparane til Vêrvarslinga på Vestlandet, som formelt vart oppretta i 1918.
- Innan meteorologien skulle Bergen bli sentral i verdsmålestokk, med Vilhelm Bjerknes i spissen for utviklinga. Fysikaren Bjerknes blir i dag omtalt som opphavsmannen til den moderne meteorologien. Allereie i 1904 hadde han publisert ein vitsskapeleg artikkel der han slo fast at vêrvarsling kan løysast ved hjelp av matematiske likningar basert på lovene i fysikken.